



e-post: [eilever@online.no](mailto:eilever@online.no) /mobil 9111358

## ÅRSRAPPORT FOR PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK FOR 2009

### INNHALD

1. OPPSUMMERING OG UTFORDRING
2. ARBEIDSOMRÅDE
3. STATISTIKK
4. AKTIVITET

### 1. OPPSUMMERING OG UTFORDRING:

Årets siste dag. Det er tid for oppsummering. Midt i arbeidet kjem det ein telefon frå ei dame som vandra pilegrim til Røldal i sommar. Ho vil berre takke for vandring og fellesskap. Bøna ho bad i Røldal kyrkje heldt framleis: Angsten var att på Haukelifjell ein stad.



Bokprosjektet Med Andre Ord vart presentert på Waldenstrøm kafe i Kviteseid siste dagen i august. Boka er blitt til i eit samarbeid mellom soknediakon i Sauherad Ivar Solbu og underteikna. Styreleiar for Diakonaten Oscar J. Garnes har vore prosjektleiar. Rett for jul kom det melding om at boka får ei 2. opplag på 1000. Det

fyrste var på femten hundre.

Klimautfordringane er ikkje blitt mindre det siste året. Som ein respons på at Klimatoppmøtet København ikkje fekk til ei forpliktande avtale, vart det tent lys og bedt bøner utafør Vest-Telemark kyrkjene fjerde sundag i advent. "Deilig er jorden", vart sunge som ein protestsong i von om at slekt framleis kan følgje slekt.



Sist år er det gjennomført over fem hundre samtaler og besøk. Grasrotarbeidet, den direkte kontakten er framleis det viktigaste i prostidiakontenesta.



I 2010 er det 25-år sidan landets fyrste prostidiakon vart vigsla. Denne stillinga oppstod her hjå oss. I dag seks diakonar med nemninga prostidiakon. Eit lite Vest-Telemark tilskot til norsk kyrkjesoge.

Utfordringa er å gjere Vest-Telemark kyrkja meir diakonal, og med det gjer Vest-Telemark til ein litt betre stad å vera for alle. At diakonien vert ein raud tråd i sokneråda sine planar, i stabane sine møter og mellom dei alminnelege kyrkjegjengarane. Godt då at soknas diakoniplanar er oppdatert dette året. (Ti av fjorten sokneråd har planar)

Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonstillinga i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane, kyrkjedepartement og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakonaten har eit valt styre. Styreleiar er Oscar J. Garnes, Vinje. Tokke kyrkjelege Fellesråd fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.



## 2. ARBEIDSSOMRÅDE

### FORKYNNING OG UNDERVISNING OM DIAKONI.

Dette skjer gjennom gudstenester (13), møte med alle konfirmantane, kursverksemd, undervisning og skrivestykka i Vest Telemark Blad.

### OPPRETTING OG OPPFYLGING AV DIAKONIORGANA I KYRKJELYDANE.

Det har vore diakoniutval i Kviteseid, Vrådal, Nissedal, Grunge og Fyresdal. Etter soknerådsvalet i haust, er det opp til sokneråda å oppnemne nye utval. Utvala har ansvar for blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar.

### SAMARBEID MED SOKNERÅD OG KYRKJELEGE TILSETTE I PROSTIET.

Samarbeidet skjer på mange felt. M. a gjennom å møte med sokneråd og diakoniutval. Elles deltek eg fast på prestemøta og samlingar som prosten kallar inn til. Deltok elles på somme stabsmøte. Fast i Tokke, men har i år vore innom Vinje og Nissedal.

### OPPLÆRING OG UTDANNING AV FRIVILJUGE MEDARBEIDARAR.

Så godt som råd vert det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Om ikkje anna er målet at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Prost og prostidiakon stod bak eit felles kurs om diakoniplanar for alle sokneråda i Vest-Telemark i februar. Diakonisamlinga for Vest-Telemark er eit årleg samlingspunkt.

### ARBEID MED Å STYRKE FELLESSKAP OG OPPRETTEOMSORGSGRUPPER.

Sist år har det vore to Leva - Vidare- grupper. (Edland og Åmot). Ei grupper har vore for born og unge. Begge gruppene i samarbeid me kommunehelsetenesta.

### ARBEID MELLOM DEI INNSETTE I SKOGSLEIREN I FYRESDAL

Det er månadlege visitørbesøk. Kvar gong er det mellom 10-15 innsette som drikk kaffi og et kake med oss ( Statistikken seier 105) .Fire visitørar deler på denne tenesta. Elles vert tilbodet om meir individuelle samtaler godt utnytta.(29). Oppslutninga om kyrkjeskysen varierar noko. Alt i alt er det 10 friviljuge medarbeidarar knytt til skogsleirarbeidet. Dette året slutta Solveig K. Tveitå etter 23 år som visitor. Ein ny visitor byrja si teneste i haust. I romjula kom tolv innsette og en fengselsbetent til juleselskap på Dalen.



### GJE HJELP TIL MENNESKE I AKUTTE, VANSKELEG LIVSSITUASJONAR.

Jamt over annan - tredje kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det utrykningar i samband med arbeid i krisegruppene. Det vart delt ut fire oppmuntringspakkar til jol.

### STOFF TIL KYRKJELYDSBLAD, AVISER OG RADIO.

Kyrkjelydsblada i prostiet får jamlege stoff. Etter kvart er kommunane sine heimesider ein fin plass å få ut ting. Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (45). Telemarksavisa har ei spalte kalla "Påfyll" med diakonistoff.(21) . Prostidiakonen vart elles presentert i eit lengre P2 program kalla på Livet Laus i haust. NRK har elles sendt tre veker med morgonandakter av underteikna.



**Prostidiakonen**  
I VEST-TELEMARK



## HA KONTAKT MED OFFENTLEG SOSIALTENESTE OG HUMANITÆRE ORGAN.

Prostidiakonen er med i dei kommunale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteseid og Fyresdal. Kontakten med skular, sosialkontor, barnevern og arbeidsmarknadsbedriftene er god. Sist år har eg delteke tre ansvarsgrupper. Samarbeidet med Vest-Telemark psykiatrien om pilegrimsvandringa til Røldal, var gjennomført for andre gong siste veka i august. Fem brukarar gjekk heile vegen.



## MÅLA SOM VART VEDTEKE PÅ ÅRSMØTET I GRUNGE KYRKJE 17.04.09:

### 1. Diakoni i Vest-Telemark

Kyrkjemøtet vedtok i 2007 ein overordna plan for diakoni i kyrkjelydane.

Dei fire overskriftene som planen er knytt opp mot er:

- o Nestekjærleik
- o Inkluderande fellesskap
- o Vern om skaparverket
- o Kamp for rettferd

Diakonen og styret for diakonatet i Vest-Telemark vil arbeide for at denne planen skal bli kjent i kyrkjelydane i Vest-Telemark og føre til lokale diakoniplanar og diakonale tiltak.

### Målgruppe:

- \* sokneråda - som har ansvar for diakonien i kyrkjelydane
- \* dei tilsette på alle plan i kyrkja

### 2. Verdier i Vest-Telemark

Diakonatet ser det som viktig i perioden å halde fokus på verdispørsmål, inkludert verdiane som styrer utviklinga i Vest-Telemark.

Diakonatet har gjort avtale med Vinje kommune / Kulturårshjulet om å arrangere verdiseminar kvart år dei komande tre åra.

### Målgruppe:

- \* fagseminar for tilsette - også for tilsette utanfor kyrkje
- \* dels seminar opne for alle.

## RESULTATVURDERING:

Dei fire områda i Diakoniplanen er styrande for arbeidet. Nestekjærleik blir ikkje minst uttrykt innan samtaler/husebesøk. "Nestekjærleik" var og tema for årets Verdiseminaret Her sette ein fokus på det å vera pårørande til demente. Prosjektet "Med Andre Ord" er avslutta. Vona er at boka vert ei ressurs- og inspirasjonsbok for sokneråd/diakoniutval og tilsette. Inkluderande fellesskap skjer på mange område: skogsleirarbeidet, pilegrimsvandringar, Leva - Vidare- grupper. Vern om Skaparverket og Kampen for rettferd vart ikkje minst trekt fram under konfirmantsamlinga for Vest-Telemark på Vinjehuset.



### 3. STATISTIKK SAMTALER/ HUSBESØK I DEI EINSKILDE FELLESRÅDSOMRÅDA:

FYRESDAL	35 (20)	
NISSEDAL	( Nissedal og Treungen)	40 (41)
TOKKE	( Høydalsmo/Lårdal, Eidsborg/Mo/Skafså)	157 (123)
KVITeseID	( Kilen/Fjågesund, Vrådal, Brunkeberg, Kviteseid)	69 ( 94)
VINJE	( Møsstrond, Øyfjell, Rauland, Grunge, Vinje/Nesland)	229 (172)
SKOGSLEIR	29 ( 13)	
	(2008 tala i parentes)	Til saman 559

### 4. AKTIVITET

#### NISSEDAL

Delteke på vaksenførebuingskurs for 10.kl på Fjone/ tre møter for å førebu Verdsdagen for psykisk helse og i samband med den vore med på ein temakveld om Sorg i lag med soknepresten, ein om å bli far, leia kveld med Jonny Cash - songar i kyrkja/ vore med på pilegrimsvandring med konfirmantane til Tveit gm. kyrkjegard/ elles fire konfirmanttimar/ Medansvarleg for Diakonien Dag på Nissedals heia/

#### FYRESDAL


Eit soknebod/ Ti samlingar i skogsleiren/ ei konfirmantsamling med besøk frå skogsleiren/medansvarleg for Diakonien Dag/ organiserer kyrkjeskys og besøk i skogsleiren

#### KVITeseID

Eitt soknerådsmøte/to konfirmanttimar/ andakt på to føremiddagstreff på Misjonshuset/ andakt på eit Kvitsund -møte/ to Krisegruppemøte/ kåsert på Mental - Helse møte/ undervisning på Kviteseid Omsorgs Senter ” Å leve nær døden”/ delteke med preike under Helgemesse i Fjågesund/ Medansvarleg for Diakonien Dag i Vrådal og Kviteseid/eit orienteringsmøte om Pilegrimsvandring på Dagsenteret Krodokk.

#### VINJE

Fire konfirmanttimar i Rauland og seks i Vinje /To Ungdomsklubbkveldar ( Åmot og Rauland)/ Medansvarleg for Diakonien Dag i Rauland og Nesland( samarbeid med Tokke) og Solidaritetsgudsteneste i Nesland/ andakt på ljosmesse på Åmot skule/ leia to minnestunder/ delteke i tre grevferder/ ansvarleg for Verdiseminaret på Vinjehuset/ preika på Snøformingsfestivalmessa/ to Krisegruppemøte/preika på Palmesundagsgudstenesta på Møsstrond/ Eitt soknerådsmøte i Øyfjell om Diakoniplanar/ to soknebod/ delteke på konfirmantleir for Rauland og Vinje på Songa/ kåsert på konfirmantfesten i Rauland



#### TOKKE

Preika på Diakonien Dag på Kulturhuset på Dalen og i Høydalsmo/ Ansvarleg konfirmantklubben på Dalen saman med Kvitsund-teamet/ saman med næringssjefen ansvarleg for to ”Ny i Tokke”- kveldar./ Kåsert om Pilegrimsvandring i Tokke Historielag/ Ei gravferd og ei urnenedsetjing/ To Krisegruppemøte/ leia to debriefingar etter krisehending/ ansvarleg for Fasteaksjonen i Eidsborg/Mo/Skafså/ med i styringsgruppa for Mia-prosjektet /



ein andakt på Helsesenteret/ delteke under vigslinga av Skafsåheia Fjellkyrkje og avskildsgudtenesta for Sv. Jørgensen/

TAL OG ARRANGEMENT FELLESE FOR TOKKE, VINJE, NISSEDAL, FYRESDAL OG KVITSEID.

Tre styremøte i Diakoniet pluss årsmøtet/ansvarleg for Diakoniamlinga for Vest-Telemark med team: "Eit folk på vandring"( Om pilegrimsvandringar)/ Diakoniprisen for 2009 gjekk til Tusen Stjerner i Tokke/ med på konfirmant-treff på Vinjehuset/ delteke på sju preste- og diakonmøte i Vest-Telemark prosti/ delteke på Vest-Telemark konferansen i Vrådal/ distrikskontakt for Kirkens Nødhjelp/ansvarleg for Diakonispalta og laga Fasteaksjonsida i Vest-Telemark Blad/ kyrkjeleg representant i styret for Pilegrimsvegen til Røldal og vandringsleiar Seljord-Røldal-turen ( 9 dagar)/ prosjektansvarleg for pilegrimpsykiatrivandringa frå Grungedal til Røldal( 5 dagar)/ delteke i fagdagar for Vest-Telemark prosti/ delteke på Vest-Telemark treff på Smuget, Oslo/ delteke på Yrkesmessa på Vest-Telemark Vidaregåande Skule/ boklansering av med Andre Ord på Waldenstrøm Kafe /



- OG UTANOM:

Medlem av sentralstyret i Det Norske Diakonforbund/to fagdagar med Agder- og Telemarks diakonane/ saman med prostidiakon Per Emanulsen halde føredrag om diakonale suksessfaktorar på Diakonens Dag på Diakonhjemmet/ halde føredrag om Kriser for Vestmar- politiet/ føredrag på psykiatrisamling for Telemarks Fylkeskommune/ kåsert om pilegrimsvandringar i Seljord Historielag, på haustfesten i Skien Menighet og Dagsenteret i Seljord/ med Kirkens Nødhjelp seminar på Sundvolden og klima seilas til København/ Boklansering med IKO i Oslo og bokstand på Diakonikonferanse på MF./ saman med Ivar Solbu halde fagdagar om diakoni for prestane i Aust-Telemark prosti/ delteke på Stifsdagane for bispedømme